



Møteprotokoll

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Hotell Scandic Byparken, Bergen

Møtedato: 26.02.2015

Tid: 12:00-16:30

A. Disse møtte

Faste medlemmar
Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune (leiar) Noralfv Distad, ordførar Aurland kommune Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune Olav Lunden, ordførar, Leikanger kommune Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune Marta Finden Halset, ordførar Vik kommune Arild Ingar Læg Reid, ordførar Årdal kommune
Medlemmar
Karina Nerland, dagleg leiar
Andre
Leiv Vambheim, dagleg leiar IS Fjordvegen Ragnhild Fjærestad, dagleg leiar Sogneprodukt Næringsnettverket i Sogn ved Arve Tokvam (Lærdal), Johannes Sjøtun (Balestrand), Terje Søreide (Høyanger), Per Holen (Leikanger), Olav Grov (Luster), Per-Odd Grevsnes (Sogndal) og Terje Laberg (Årdal).

B. Innkalling godkjent utan merknader

C. Protokoll frå møtet 5.12.2014 godkjent utan merknader

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
1/15	13/438 Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn - rapport
2/15	14/2040 Kommunereforma - val av tilbydar
3/15	15/708 Interesseutval for Sogndal lufthamn Haukåsen
4/15	15/206 Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten - høyringsfråsegn
5/15	15/717 Orienteringssaker
6/15	15/720 Val av leiar i Sogn regionråd 2015

Sak 1/15

Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn - rapport

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande:

1. Rapporten «PPT i Sogn – Underlag til organisasjonsvurdering» av 4.2.2015 vert teken til vitande
2. Rapporten er eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdera organisering av PP-tenesta i regionen
3. Styringsgruppa utarbeidar framlegg til samarbeidsavtale for handsaming i kommunane.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek følgjande:

1. Rapporten «PPT i Sogn – Underlag til organisasjonsvurdering» av 4.2.2015 vert teken til vitande
2. Rapporten er eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdera organisering av PP-tenesta i regionen
3. Styringsgruppa utarbeidar framlegg til samarbeidsavtale for handsaming i kommunane.

Sak 2/15

Kommunereforma - val av tilbydar

Tilråding:

Sogn regionråd gir administrasjonen fullmakt til å avgjera om Agenda Kaupang eller Telemarksforsking skal gjennomføra felles utgreiing om kommunereforma.

Handsaming

Det kom framlegg om følgjande:

Sogn regionråd ber om delutgreiingar slik at faktadelen kjem tidleg (mai/juni), deretter vurderingar (august) og moglege kommunesamanslåingar til hausten (oktober).

Det er aktuelt å utgreia eitt alternativ med dei ni kommunane og i tillegg to alternativ. Prosjektgruppa vurderer om det er behov for prosjektleiar.

Vedtak:

Sogn regionråd gir administrasjonen fullmakt til å avgjera om Agenda Kaupang eller Telemarksforsking skal gjennomføra felles utgreiing om kommunereforma.

Sogn regionråd ber om delutgreiingar slik at faktadelen kjem tidleg (mai/juni), deretter vurderingar (august) og moglege kommunesamanslåingar til hausten (oktober).

Det er aktuelt å utgreia eitt alternativ med dei ni kommunane og i tillegg to alternativ.

Prosjektgruppa vurderer om det er behov for prosjektleiar.

Sak 3/15
Interesseutval for Sogndal lufthamn Haukåsen

Tilråding:

Sogn regionråd arbeidar vidare med å etablera eit interesseutval for Sogndal lufthamn Haukåsen som eit aksjeselskap. Etableringa er under føresetnad av at næringslivet blir med som eigarar.

Handsaming

Det kom framlegg om følgjande endringar:

Tilføyning med ”*ev.* som eit aksjeselskap” i første setning og ta ut ”*som eigarar*” i andre setning.

Vedtak:

Sogn regionråd arbeidar vidare med å etablera eit interesseutval for Sogndal lufthamn Haukåsen, *ev.* som eit aksjeselskap. Etableringa er under føresetnad av at næringslivet blir med.

Sak 4/15
Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten - høyringsfråsegn

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Sogn regionråd meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve og går mot å overføra skatteoppkrevjinga til Skatteetaten.

Ei overføring vil svekka både skatteinnkrevjinga og tenesta overfor innbyggjarane. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga er god og har høg innbetalingsgrad. På landsbasis blir 98,8% av samla krav for dei viktigaste skatteartane betalt. Det er vanskeleg å sjå at ei overføring av skatteoppkrevjinga til staten vil gje betre resultat. Sogn regionråd meiner den nærleik og lokalkunnskap som finst i dagens organisering bidreg til dei gode resultatata for skatteinnkrevjinga og nedkjemping av svart økonomi. Gevinstar ved ei statleggjering er mangelfullt utgreidd og usikre.

Overføring vil også fjerna ei viktig oppgåve frå kommunesektoren, noko som er i strid med måla i kommunereforma om at større kommunar kan få fleire oppgåver. Forslaga i høyringa inneber ei svært uheldig sentralisering av arbeidsplassar også i vårt område.

Ønske om å forbetre tenesta kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga. Under alle omstende er det feil å gjennomføra endring no og ikkje sjå skatteinnkrevjing i samanheng med den pågåande kommunereforma.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Sogn regionråd meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve og går mot å overføra skatteoppkrevjinga til Skatteetaten.

Ei overføring vil svekka både skatteinnkrevjinga og tenesta overfor innbyggjarane. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga er god og har høg innbetalingsgrad. På landsbasis blir 98,8% av samla krav for dei viktigaste skatteartane betalt. Det er vanskeleg å sjå at ei overføring av skatteoppkrevjinga til staten vil gje betre resultat. Sogn regionråd meiner den nærleik og lokalkunnskap som finst i dagens organisering bidreg til dei gode resultatata for skatteinnkrevjinga og nedkjemping av svart økonomi. Gevinstar ved ei statleggjering er mangelfullt utgreidd og usikre.

Overføring vil også fjerna ei viktig oppgåve frå kommunesektoren, noko som er i strid med måla i kommunereforma om at større kommunar kan få fleire oppgåver. Forslaga i høyringa inneber ei svært uheldig sentralisering av arbeidsplassar også i vårt område.

Ønske om å forbetre tenesta kan gjerast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga. Under alle omstende er det feil å gjennomføra endring no og ikkje sjå skatteinnkrevjing i samanheng med den pågåande kommunereforma.

Sak 5/15 Orienteringssaker

- Leiar: Det er kome innspel om endring etter handsaming av RUP-gruppa og utsending til kommunane. Regionrådet godkjenner tiltaksplanen med følgjande tilføyning i pkt Teknologi og industri: «anlegga i Årdal **og Høyanger**».
- Arbeidsgruppene:
 - Helsegruppa:
 - 1) Sogn LMS opnar 2.3.2015
 - 2) Det er laga ei kort utgreiing om kapasitet og tilbod i regionen. Sogn LMS orienterer i neste regionrådsmøte.
 - Næringsutvikling-/RUP-gruppa:
 - 1) Temadag om bustadutvikling- innhald for dagen vart drøfta
 - 2) Fleire lærlingeplassar i regionen – har vore tema også i næringsnettverket i Sogn. Kommunane inviterer aktuelle bedrifter til informasjonsmøte.
 - Samferdslegruppa
 - 1) Aust-vestsambandet: Strategiar og alliansepartar vart drøfta. Aktuelt å etablera eit interessefellesskap. Samferdslegruppa følgjer opp arbeidet.
 - 2) Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik: To ferjer på vinter og tre ferjer på sommar er kunngjort på Doffin. Rutetabellen kjem 27.2.2015.
 - 3) Sognefjellstunnelane: Aust-vestutgreiinga tilrådde ikkje KVVU. Det blir arbeid med å få starta opp ein KVVU.

- Innspel frå medlemane:
 - 1) Arbeidsgjevarkontrollen: Det vart vist til referat frå møtet i rådmannsgruppa 13.2. Årdal kommune kjem til å leige inn ressursar for at oppgåvene skal bli gjort.
 - 2) Det bør lagast ein kortversjon av årsrapport frå Sogn regionråd til kommunane
- Administrasjonen:
 - 1) Ordførarsamlinga blir 20.4. dvs. dagen før temadagen om bustadutvikling den 21.4.
 - 2) I fråsegn til postlova frå Sogn regionråd er det vist til at forslaget til ny postlov vil innebere større avstand til utleveringspostkasse der det er færre enn tre faste heilårlege bustader gjennomsnitt pr km, jf rettssaken i Telemark i fjor haust.
- Dagleg leiar Ragnhild Fjærestad, Sogneprodukt, innleia om arbeidsinkludering i Sogn – kva tenkjer kommunane? Det vert generalforsamling i april.
- Dagleg leiar Leiv Vambheim orienterte om arbeidet til IS Fjordvegen Rute 13, som er eit samarbeidselskap. Kommunar, fylkeskommunar, næringsliv og organisasjonar er medlemmar.
- Næringsnettverket i Sogn orienterte om aktuelle saker, nokre er nedfelt i tiltaksplanen. Kva kan næringsnettverket arbeida med? Rådet ønskjer at nettverket vidareutviklar samarbeidet og har fokus på det som kan gjerast i lag og som kan styrka regionen.

Skriv og meldingar

1. Om endringar i sekretariatet for rovviltfunksjon region 1 frå Klima- og miljødepartementet av 26.11.2014. Referert.
2. Rapport om fiskebestander – sluttrapport frå HSF. Referert.
3. Akuttutvalets delrapport – fråsegn av 10.12.2014. Referert.
4. Nasjonal transportplan 2018-2027, lufthamnstruktur – innspel av 18.12.2014. Referert.
5. Invitasjon til drøfting med regionråda frå Sogn og Fjordane fylkeskommune av 23.1.2015
6. Utkast til ny postlov - fråsegn av 26.1.2015. Referert.
7. Tilskot til arbeidet med psykisk helse frå Sogn og Fjordane fylkeskommune av 6.2.2015. Referert.
8. Fagnettverk i psykisk helse – program. Referert.
9. Referat frå arbeidsgruppene: Næringsutviklings-/RUP-gruppa, helsegruppa og samferdslegruppa. Referert.

Sak 6/15
Val av leiar i Sogn regionråd 2015

Tilråding:

For 2015 vert

- ---- vald som leiar i rådet
- ---- vald som nestleiar i rådet.

Handsaming

Det kom framlegg om attval av Harald N. Offerdal som leiar og Jan Geir Solheim som nestleiar.

Vedtak:

For 2015 vert

- Harald N. Offerdal vald som leiar i rådet
- Jan Geir Solheim vald som nestleiar i rådet.

Harald N. Offerdal
leiar

Jan Geir Solheim

Jarle Aarvoll

Karina Nerland
dagleg leiar